

VINJE KOMMUNE
FØRESEGNER TIL BEBYGGELSEPLAN FOR
FRITIDSHUSVÆRE FOR DEL AV 164/13

utarbeidd :
utlagt til offentlig ettersyn :
Godkjent i bygningsrådet :
vedteke i kommunestyret :

§ 1

Desse føresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrense på plankartet.

§ 2

Området er regulert til fylgjande føremål:

byggeområde - Hytter
landbruksområde

Fareområde

Spesialområde - vassforsyning

BYGGEOMRÅDE

§ 3 Hytter.

a) Hytter skal plasserast som vist på plankartet, i samsvar med innmålt pel i terrenget. Pelen skal ligge innåfor hyttas fire veggar.

Mindre justeringar av hytteplasseringa kan gjerast av teknisk etat.

b) Tillete bruttoareal for bygning på kvar tomt skal ikkje overstige 85 m² (målt utvendig grunnmur, inkl. overbygd uteareal). Nødvendig areal til bod, do, m.v. skal inngå i bruksarealet.

c) På kvar tomt skal det berre forast opp ei hytteeining

d) Separat uthus, anneks e.l. blir ikkje godkjent.

e) Hytta skal mest mogleg underlegge seg naturpreget i området og ha ein enkel og god utforming. Utvendig skal nyttast trematerialar, ståande kledning og naturvenlege fargar.

f) Bygningar kan oppførast barre i ein etasje. Høgda på grunnmuren skal ikkje vere over 80 cm.

g) Taket skal utførast som seltak med takvinkel på 20 - 30 grader. **Taktekking skal** vara torv.

h) Det skal opparbeidast 1 1/2 parkeringsplass pr. hytte både for vinter- og sommarparkering. Byggeløyve vert ikkje gitt før tilstrekkeleg antal parkeringsplassar er opparbeidd. Dersom parkeringa skjer på annan eigedom må det føreligge ei tinglyst erklæring om varig rett. Jfr. §11.

i) Eksisterande terreng og vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.

j) Renovasjon må vera ordna for byggeløyve for hytter vert gitt. Jfr. §11.

k) Det skal ikkje setjast opp gjerde og flaggstenger i området.

l) Der hyttene står på pilarar må det gjerdast mellom desse p.g.a. sau m.v.

m) Båthus blir ikkje godkjent.

LANDBRUKSOMRÅDE

§ 4

Området skal nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Bygningar knytt til slik drift kan oppførast i området, etter godkjenning i hvoningsrådet.

TRAFIKKOMRÅDE

§ 5

FAREOMRÅDE
§ 7

I området rundt kraftlinje som, er regulera til fareområde skal det *ikkje* byggast hytter.

SPEKIALOMRÅDE

§ 8 Vassforsyning

a) Det er ikkje tillate med innlagt vatn. Vassforsyning skal skje frå godkjent vasskjelde og felles vasspostar, dvs. minst 2 hytter pr.vasspost, plassera utanfor grensene for hyttetomtene, og som vist på plankart.

Det er ikkje tillate å kople seg på med stikkledningar frå hytte til vasspost eller vasskjelde, og heller ikkje frå hytte til ledning mellom vasskjelde og vasspost.

ANDRE FØRESEGNER

§ 10 Straum

Straumforsyning i hytteområde skal leggast i jordkabel.

§ 11 UTBYGGINGSAVTALE

For planen kan gjennomførast, må det ligge føre godkjent utbyggingsavtale mellom utbyggar og kommunen, der tilhøve vedk. parkering, brøyting, renovasjon, vassforsyning o.l. klarlagt.

§ 12 Dispensasjon

Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege unntak frå desse føresegnene, innåfor ramma av Plan- og bygningslov og bygningsvedtekter.

§ 13

Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det *ikkje* opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.

